

Skriv eit lesarbrev om noko som opptek deg. Vg 1 hovudmål (nynorsk)

Eit godt tilbod kan forsvinna.

Mange ergrar seg sikkert over at bussene kan gå ganske sjeldant av og til. Alle kan me vera einige om at når dei går er det bra. Det er sikkert noko som mange blir prega av men eg vil på peke ungdomen. Det er dei dette går mest utover. Ikkje bare går bussene sjeldant men dei rutene ein tar kan bli nedlagde. Dette er noko ein bør gjera noko med! Buss tilbodet stinker slik det er i dag!

Grunnen til at dei blir nedlagde er at ungdommen vel vekk dette transport middelet. Det skaper igjen ein auke i andre. Som me alle veit bil er eit av. Dette er igjen ein grunn til at staten blei eining om å setje opp bomstasjoner. Meir utgifter på bilen for at folk skal velja buss. Bil er eit transport middel som lager lange køer i rushtida. Det er og ein viktig grunn. Ungdom som bare er 16 år er allereie blitt rekna som vaksne når dei går på bussen. Dette er da i alle fall ikkje bra dei som har minst pengar av alle i samfunnet. Dei vel heller mopeden og lett motorsykkelen. Det gjer auke i trafikken og er så langt nær så sikkert som bussen. Så foreldre jobb for bussen bruk dei bussene du kan det er ingen skam at bilen står i garasjen. At ungdom vel moped eller lett motorsykkelen er igjen med på å auke ulykke tallene. Det er meir trafikk ulykker i dag enn det var før.

Sjølv har eg stor nytte av bussen. Det er noko som eg er avhengig av skal eg greie å ha det så travelt som eg har. Eg synast dette tilbode blir vere og vere, og eg blir meir og meir skuffa. Livet mitt er fult med venting og sittjing på buss. Noko som det eg opplever som därleg er prisen. Er det muleg at eg som 16 åring er nøtt til å betale 22 kroner for å reise til Arena. Andre ting er sjåføren er sur dei stopper ikkje og har ingen peiling på kor ruta skal gå. Kva med busser som bare går ein gong i timen skal ikkje dei venta eller stoppe vis du kjem springande etter. Det som er positivt er at eg alltid kjem fram. Ein annan ting eg vil understreke er at det finnes busskort. Det er ein positiv ting rundt alt dette negative som bør bli endra.

Me skal ikkje bare skynde på busselskapa og dei høge prisane. Ein annan viktig grunnene til at buss tilboda bare blir därlegare og därlegare er statens sin feil. Dei aukar prisen på bensin, der dei legg til ein haug med utgifter. Når dei skal kutte ned på budsjette er det buss tilbodet det går ut over. Dei vil spare mest muleg med pengar.

Når bensinen blir så dyr er det lite buss selskapa kan gjera enn å sette opp prisane. Dei blir ret og slett tvinga til å setje opp prisane, ingen av dei buss selskapa som er i dag vil vel gå konkurs. Det som skjer med busselskapa er at dei kan gå konkurs. Det blir for liten inntekt i forhold til utgifter i vedlike hold og bensin.

Dette er og dyrt for ungdommen, mopedar krev og bensin og det er dyrt med bensin i dag. Dette får igjen store katastrofe for andre ting som trening, skule osv. Ungdomen blir meir og meir gidda laus.

I staden for å kutte ruter og avgangar er det kanskje lurt å sjå kor det trengst mange ruter som om morgonen er det lurt å ha fleire ruter. Det er mange som stressar til og frå skule og arbeid. Kanskje hadde det vore ein ide og ha meir avgangar når folk skal til og frå skule og arbeid. La meg ta eit eksempel. Floa er ikkje ein liten stad, kanskje litt med allike vel. Det bur om lag 20000 innbyggjarar i Floa . Dei fleste av desse reiser på skule eller på arbeid på kvardagane. Vis alle hadde tatt bussen hadde ingen kome presis bussen er sein og det er liten plass. Den bussen går ein gong i timen men hovudsaken er at det er bare når kjøpesenteret Arena er oppe. Kl.20.00 går siste bussen frå sentrum. Tenk om bussen hadde godt fleire gonger etter på ville det sikkert vore mange som hadde brukt dette tilbodet. Bare det at bussene hadde godt mykje nok ville gjort at folk ville plassert bilen i garasjen og miljøet rundt oss ville blitt betre. Det som hadde vore ein ide er at bussene hadde godt mindre midt på dagen når folk er på skule og arbeid. Skal det bli ein auke av folk på bussen er at tilbodet blir betre. Det kan ikkje vera ein slik penge innkrevjar og snigel som det er.